



60 born og ungdomar i alderen 5 til 17 år har vore med på cheerleading i helga.

60 born og ungdomar i alderen 5 til 17 år er i helga samla i Uskedalen til cheercamp i Aktivitetshuset. Arrangøren er to grupper for cheerleadingmiljøet i Begen, Åsane Seahawks og BTSI Bergen. Cheerleading er ein krevjande idrett der alle må vera disiplinerte og stola på kvarandre. Kurset i Uskedalen vert avslutta med open framsyning tysdag kl. 18.

I to år var cheercampen ein del av Festidagen. Dei siste åra har campen vorte gjennomført som eit eige tiltak. Campen går over fem dagar og påmeldinga var fullbooka tidleg i vår. All praktisk informasjon med påmelding, fakturering og gjennomføring vert gjort via Facebooksida Uskedalen cheercamp 2018.



Mange av øvingane i cheerleading krev presisjon, konsentrasjon og synkronisering.


Dei 60 deltakarane vert delte inn i to grupper, 5 - 11 år og 12 - 17 år. I tillegg har instruktørane program for vidarekomne. Målet med cheerleading er å spreia idrettsglede. Øvingane krev samkøyring og synkronisering. Alle må møta og det er 100 % fokus og engasjement. Med intens trening på 5 dagar får alle eit godt grunnlag til å gå vidare med meir krevjande øvingar.

I programmet er ein innom hopp, dans, stunt, løft, kast, akrobatikk, pyramide der ein står oppå kvarande. Alt vert avslutta med Cheer som tyder konkurranse og framsyning. Mykje av det, som vert synt fram, kan synast å vera dristig, men alt er tufta på tryggleik og sikre grep.

Tysdag kl. 18 er det framsyning i Aktivitetshuset. Framsyninga er gratis og open for alle. Det vert loddsal og sal av kake.

Instruktørane har vore: Stian Løvik, Niccole Ims, Christer Haga og Alexander Soliman.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Uskedalen Cheercamp har eiga t skjorte med logo og namn på kvar deltakar.